

Statsforvalteren i Oslo og Viken
v/sekretariat Lena Romtveit
lena.romtveit@villrein.no

Statsforvaltaren inviterar alle berørte og interesserte til å komme med innspel på
"Tiltaksplan for villreinen på Hardangervidda"

At det er utruleg viktig å ta vare på villreinen er alle heilt einige om. Korleis ein sikrar gode levekår for reinen er det derimot mange meiningar om. Om tiltakspakkar skal gå ut over andre lokale og allmenne brukarinteresser må eit minstekrav vera at det har merkbar effekt og at fordelane er målbart større enn ulempene. Ulempene med restriksjonar er det fyrst og fremst fjellbygdene og deira kommunar som må ta kostnaden med. Attraktiviteten til fjellbygdene må opp (ikkje ned) for at ungdomane skal etablere seg der.

Min bakgrunn er at eg er oppvaksen i fjellbygda Røldal ved foten av sydvestlege Hardangervidda. Familien min har sidan 1700-talet hatt ein gard med stølar og jakthytter både innanfor og utanfor nasjonalparken. Interesse for reinsdyr har fulgt naturleg i familien og sit i ryggmargen. Tilhørigheten til Hardangervidda er sterk gjennom bl.a. jakt, fjellturar, ski, fiske, og ei innhaldsrik stolt lokalhistorie. Ikkje minst er det ein ekstra motivasjon når ein klarar å utnytte naturressursane i fjellheimen til å drifte garden. Eg har og tilbrakt tre somrar som sauegjetar på vidda. Utstrakt menneskelig aktivitet på Hardangervidda har omtrent ei like lang historie som villreinen sin eksistens her. Utnytting av naturressursane og rekreasjon på vidda er viktig for eksistensen til urbefolkning og bygdene rundt vidda. Og det er eit dynamisk samspel i mellom folket og reinsdyra som har eksistert i lange tider.


I samband med revisjon av konsesjonsvilkår for TokkeVinje-reguleringa, utarbeida Naturrestaurering AS i 2015 ei villreinutgreiing på vegne av Statkraft:
"Naturrestaureringsrapport 2015-12-01"

Det står mykje interessant her om tiltak som verkeleg har øydelagt tilgjengelegheiten til store og verdfulle areal for reinen. For dei som er sentrale med utarbeiding av tiltaksplanar for villreinen så følgjer her eit samandrag av viktig bakgrunnsinformasjon og illustrative figurar kopiert direkte frå rapporten frå Naturrestaurering:

“5. VIRKNINGER AV VANNKRAFTUTBYGGING INNENFOR TOKKE-VINJE-KONSESJONEN

Hardangervidda

Området omfatter følgende magasiner: Bordalsvatn, Songavatn og Bitdalsvatn. Dette er alle magasiner som har lagt relativt store arealer under vann. Dette gjelder spesielt for Songa, men også Bitdalsvatn-magasinet har medført en vesentlig landskapsmessig endring, siden lengden på vannet er om lag fordoblet.(...)



Figur 5.4. Songavatnet før og etter oppdemming. Høyfjellskommisjonens Hardangerviddakart fra 1958 er sammenstilt med kart hentet fra norgeskart.no. Regulering 974-939 moh.

Songavatnet

Det kan være lange sykluser i villreinens bruk av større arealer. Derfor er det vanskelig å konkludere selv etter 15 år med GPS-studier i området, men Songavatnet fungerer sannsynligvis som en barriere om sommeren for bruken av områdene sør for vannet, og spesielt for trekkveier som går langs akse mellom nordøst og sørvest. Det skal være gamle trekkveier der det nå er oppdemmet, men vi har ikke funnet tidligere registreringer av dette. Fra NOU 1974-30, fremgår det imidlertid av kart at det er rikt med andre typer kulturminner innenfor oppdemmet areal, og at et anlegg med dyregraver er lokalisert ved sørøstre ende av dagens magasin. Figur 5.4 viser hvordan store arealer ble oppdemmet med Songamagasinet, det har altså vært en vesentlig endring av landskapsmessige forhold i dette området, og dette har utvilsomt påvirket reinens arealbruk.

Opplysninger som fremkom i møte 19. okt. (Referat 19.10.15, i vedlegg), tilsier at det i fra 1970, da Hardangervidda-stammen ble kraftig redusert, ble det tomt for dyr sør for Songa. Dette kan ha vært en kombinasjon av at det var en periode med liten bestand og stengte trekkveier etter oppdemmingen. (...)

Det er sannsynlig at magasinet har sperret av opprinnelige trekkveier for rein fra arealer på nordsiden til sørsiden. Songavatnet tappes jevnt ned gjennom vinteren, og det er ikke kjent at det skal være problem med glipper langs breddene, sprekkdannelse eller usikker is. Grunnet magasinets størrelse er det trolig at reinen i hovedsak holder seg på nordsiden vinterstid, slik vi ser tendenser til i Figur 5.4, men det er kjent at rein kan passere over isen. (...)

6.KONKLUSJON MED SAMLET VURDERING AV AVBØTENDE TILTAK INNENFOR EN VILKÅRSREVISJON

I konsesjonsområdet er det enkelte store magasin, spesielt Songavatnet, som utvilsomt har endret villreinsens arealbruk innenfor et større område og lagt tidligere beiter under vann. Det er imidlertid ikke et tema i en vilkårsrevisjon å foreslå tiltak som endrer HRV-LRV (OED, 2012). Vår gjennomgang av de enkelte vannkraftmagasinene, med eventuelle åpne overføringer mellom disse, tilsier at endringer i selve manøvreringsreglementet som kan være aktuelt for å avbøte negative virkninger på villreinen. Stabilisering av isdekke, og å unngå åpne bekker vinterstid som danner barriere, er da det en kan oppnå. Imidlertid er situasjonen slik magasinene reguleres innenfor dagens vilkår ikke spesielt problematiske, slik at vi gjennomgående kun ser små forbedringspotensialer.”

Dette er ein analyse på oppdrag frå kraftregulanten. Reguleringsmagasinet Songa har ein heilt annan barriereeffekt mot Røldal sin statsalmenning enn kva turisstiane har, likevel er det stiane og brukarane som har fått all oppmerksomheita dei siste åra. Det har blitt ein giftig peikeleik i mellom brukarane for å finne den skyldige.

Andre døme på småvatn og beiteområde som har blitt omdanna til høg fjellsfjordar som stenger reinen sine ferdselskorridorar vestover:

-Møsvatn. Før oppdemninga besto Møsvatn av tre separate innsjøar.

-Håvardsvatnet. Som følge av oppdemninga har dei opprinnelege innsjøane Nedsta Håvardsvatnet, Øvra Håvardsvatnet, Kvannanuttjørnane og Nedsta Nonsskorvatnet flytt i hop til eit sammenhengende magasin. Før utbygginga kom flokkane kjapt til dei nordlege områda av Røldal sitt jaktterreng på sydvestleg vindretning - dersom det var dyr på nordvidda. I dag stenger Håvardsvatnet slik at nesten alle flokkane blir ført mot Sledalen (aust for Røldal statsalmenning).

Beretningar frå eldre sambygdingar som har levd store delar av livet sitt på vidda tyder på at reinen toler eit relativt høgt nivå av aktivitet i leveområdet sitt i store delar av året. Dette er og mine erfaringar gjennom åra og dei ulike årstidene.

Fysiske ferdselshinder slik som bilveggar med stor trafikk, høge brøytekanter, hytter som står tett etc. kan ha potensial for å forstyrre reinen sine trekkruiter om dei ligg feil plassert i terrenget.

Hovedferdselsårer mellom aust og vest, slik som lange strekk på E134 og RV7 fungerer til tider som absolutte stengsel for at reinen skal kunne forflytte seg naturleg. Hyttelandsbyar i t.d. Vinje og Gol har også lagt områder brakk for reinen.

Dette er døme på innhogg i reinen sine leveområde som har gjort stor skade. Det positive er at ein del av desse negative tiltaka kan ein bøte på. Om ein ser på slike tiltak vil ein verkeleg gje positive bidrag for reinen.

- Ein kan fjerne autovern, brøytekanter og konstant biltrafikk ved å bygge tunnelar under lange strekk av RV7 og E134.
- Ein del regulerte vatn har store parti med grunner. Her kan ein legge steinfyllingar og bygge moloar for å gjenopprette gamle trekkruter mot vest. Etterkvart vil reinen finne fram til desse. Enkelte reguleringsmagasin kan med fordel også redusere HRV. Med superprofitten som er i kraftbransjen bør det vera i tida å sjå på slike avbøtande tiltak. Utbyggingar som opprinneleg ikkje var samfunnsøkonomisk lønnsame om ein skulle bygge dei med optimale miljøtilpassa tekniske løysingar - kan i dag vera "low hanging fruits" for å oppnå store forbetringar.

I praksis har ein holdt på med tiltak av denne kategorien for å skjerme anna hjortevilt i fleire årtier, f.eks bruer med vegetasjon over motorvegar etc.

For kvifor skal dei menneskelege tradisjonsbærarane på vidda; turfolket, sauebøndene stølsdriftarane, jegrar og viddafiskarane betale prisen for manglande oppfølging frå myndighetene mot kraftselskap og tilpassing av hovudvegnettet? Bygdene og friluftslivet sin bruk av vidda har svært begrensa negativ effekt på reinen til samanlikning.

Det er bagatellar i forhold til dei store inngrepa som nemnt over.

Det er ikkje rett, verken moralsk eller etisk, å øydelegge ein tusen år lang viddakultur for å vise handlingskraft og late som at ein hjelper reinsdyra.

I motsetnad til teknisk tilpassing av barriereinngrep, så har det ein svært uviss effekt å iverksette tiltaksplanar med meir eller mindre tilfeldige begrensingar på den tradisjonelle bruken av vidda.

Eg vil understreke viktigheita av å bevare fjellbygdene:

St. meld nr. 43 (1978-79): *"Landbruket i bygdene rundt Hardangervidda er behandlet av Hardangerviddautvalget. Her skal vi bare minne om at det i Buskerud, Telemark og deler av Odda kommune er snakk om typiske fjellbygdeforhold med små og ofte tungdrevne bruk. I Hordaland ellers finner en fjordbygder med noe bedre klimatiske og produksjonsmessige vilkår. Landbruket i disse bygdene har gjennom tidene vært nødt til å utnytte ressursene i fjellet, og driftsformene i jordbruket er tilpasset dette."*

Vidare står det: *"Hvordan vernebestemmelsene i det store og hele vil virke på landbruket i bygdene omkring Hardangervidda vil nok i vesentlig grad avhenge av hvordan bestemmelsene vil bli praktisert. Det er imidlertid all grunn til å advare mot en for restriktiv praksis i disse bygder hvor landbruket arbeider under vanskelige naturgitte forhold. Det kan meget vel tenkes at selv mindre begrensninger i utøvelsen av næringsvirksomheten kan få uheldige konsekvenser. Dette gjelder ikke*

bare det enkelte bruk som dette går ut over. En må også ved innføring av slike bestemmelser, vurdere eventuelle ringvirkninger".

Gjennom Kevin Vågenes sin fantastiske parodi i komiserien "Parterapi" på NRK, vert me kjent med Anna og Hermann. Eit finare ektepar frå Bergen som går i terapi fordi Anna er uroleg for absolutt alt. Og altoverskyggande er Anna si konstante frykt for at ho er for lite bekymra. Hermann tykkjer såklart dette går ut over livskvaliteten til paret. Som ein parallell vert livskvaliteten livsgrunnlaget i bygdesamfunn rundt vidda redusert når det blir oppfordra til å leita med lykter og ljós for å finne syndebukkar og komma med tiltak (restriksjonar).

Det er all grunn til å spør seg om forvaltninga er inne i eit blindspor? Har ein mista trua på at ein kan få utretta utbetringar i samarbeid med dei tunge samfunnsaktørane som Statkraft, vegvesenet o.l. Det er ein tragedie for bygdene om ein fortset i sporet med å innføra tiltak/restriksjonar for å visa handlekraft men utan at ein kan måla nokon stor effekt for reinen.

Eit eksempel er løypa til Haukelisæter - Litlos som er under sterkt press fordi det visstnok er bevist at den har ein sterk barriereeffekt. Korleis vil ein forklare forflytningsmønsteret til reinsdyra over ein lengre periode i fjor sommar(juli/august) der store delar av stamma kryssa turistløypa mellom Belgen/Bjødnskallen og Bjødnadalen. Gong på gong etterkvart som vinden snudde. I fjor var det gunstige forhold for reinen i vest og det var dårlege beiter austpå(tørt). Det visar seg at når beitforholda tilseier at dyra har det betre i vest, då kjem dei villig på vinden. Men med den minimale stammestorleiken me har på vidda for tida, så er det sjeldan at det er behov for å bruke vestvidda. Derfor kryssar også dyra sjeldan turistløypa.

Oppfordringa må bli at tiltaksplanar fyrst må retta seg mot t.d. energibransjen og tilpasningar av hovudvegane aust-vest før ein lagar fleire snubletrådar for lokalsamfunna rundt vidda. I tillegg må ein bygge opp stammestorleiken til det bestandsmålet ein hadde før CWD-nedskytinga inntraff. Så lenge stamma er kunstig låg så vil det også vera unaturleg for reinen å ta i bruk heile vidda på den måten som me alle kunne ønskt.

Helsing
Nils Petter Rabbe